



Notat

Dato: 05.01.2018
Arkivsak: 2017/16473-4
Saksbehandlar: vigbjo

Til: Fylkesutvalet, Utval for miljø og samferdsel

Frå: Fylkesrådmannen

Kostnader og utfordringar ved innføring av setebelte på bussar i Hordaland

Fylkesutvalet vedtok i PS 273/17 «Nye bussanbod for kontraktane Vest og Bergen sør», følgjande oversendingsforslag frå Anne Beth Njærheim, på vegner av V:

«Fylkesutvalet ber om sak som synleggjer kostnader og utfordringar ved å innføre setebelte på alle bussar i Hordaland».

Fylkesrådmannen gir med dette ei oversikt over status for dagens bussmateriell og moglege kostnadar knytt til innføring av setebelte på alle bussar i Hordaland.

Gjeldande lovverk knytt til setebelte

Fakta om bussklassar (kjelde SVV):

- Klasse 1: Såkalte bybussar som har flere stopp på korte strekninger. Mer enn 45 % av det totale passasjerantallet er registrert for ståplasser.
- Klasse 2: Har opptil 45 % av det totale passasjerantallet registrert for ståplasser. Løyvemessig krav om setebelte.
- Klasse 3: Turbussar. Ingen ståplasser. Krav om setebelte.

Det er den såkalla «køyretøyforskrifta» som sett rammer for tekniske krav og godkjenning av køyretøy. I tråd med denne forskrifta har alle bussar i klasse 2 og 3 montert setebelte i alle seter.

Bussar i klasse 1 vert nytta i typisk bytrafikk, og har ikkje krav om setebelte i høve forskrifta. Dersom en vel å montere setebelte i klasse 1 buss, vil dette vere eit tilbod til dei reisande. Det vil altså etter regelverket ikkje knytast ei plikt til å bruke belte.

Bybussane er i all hovudsak såkalla låggolvbussar (LG), inklusive leddbussar (LGLE). Føremålet med å nytte slike bussar i bytrafikken er at dei har stor kapasitet og gir rask på- og avstiging. Det er i dag andre fylker, som Oppland, Vestfold og Telemark, som har valt å innføre setebelte på bussar i klasse 1. Det er usikkert i kva grad setebelteinnføringa har hatt innverknad på tidsbruken, og det er også relevant å stille spørsmål om bruksgraden.

Status bussar i klasse 1 i Hordaland

Tabellen under viser talet på bussar i klasse 1 som er i produksjon i dagens kontraktar, fordelt på busstypar.

Kontraksområde	Busstype	Tal bussar
Bergen Sør	LG	67
Bergen Nord	LGLE	39
Bergen Sentrum	LGLE, inkl trolley	8
	LG	55
Hardanger og Voss	Midi	3
Sunnhordland	LG	10
Sum		182

Innanfor kontraktområda Bergen sentrum, Bergen nord, Bergen sør er det per i dag totalt 169 bussar i klasse 1. I tillegg er det 3 midibussar i kontraktområde Hardanger og Voss og 10 låggolvbussar i Sunnhordland. I kontraktområda Nordhordland og Vest er det ingen bussar i klasse 1 i inneverande kontraktar.

Busskontraktane for Bergensområdet skal ut på nytt anbod, med oppstart i 2019 (Bergen sør og Vest) og i 2020 (Bergen nord og Bergen sentrum). I komande bussanbod for Bergen sør og Vest vert det lagt opp til å stille krav om at alle bussar inngår i klasse 2 eller 3. Alle bussar i desse områda vil dermed bli utstyrt med setebelte i nytt anbod.

Etter fylkesrådmannen si vurdering er det ei uaktuell problemstilling å ettermontere setebelte på dagens 67 bybussar i inneverande kontrakt for Bergen sør ettersom desse berre vil vere i trafikk i ein kort periode.

Ein står då igjen med å kostnadsrekne for

- ettermontering av setebelte på bussane i Hardanger og Voss og i Sunnhordland – totalt 13 bussar
- krav om setebelte i komande bussanbod for Bergen nord og Bergen sentrum – totalt 102 bussar i høve dagens kontraktar

Kostnadar ved montering av setebelte

Det er innhenta prisar for ettermontering av setebelte, samt prisar for montering i nye bussar. Det er då lagt til grunn 2 punktts og ikkje 3 punktts sele, ettersom det er dårleg eigna seter for å montere 3 punktts sele i bybussar.

Prisane syner at ettermontering vert rundt 3,5 gonger så dyrt som å innstallere i nye bussar. Dersom ein skulle ettermontert setebelte i alle av dagens 182 bybussar i Hordaland vil det gi ein kostnad på over 23 mill. kroner. Montering i nye bussar vil til samanlikning truleg koste rundt 6,5 mill. kroner.

I høve dei to tiltaka skissert over, får ein følgjande kostnadsestimat:

- Ettermontering av setebelte i dei 13 bussane i Hardanger og Voss og Sunnhordland er berekna til å koste omlag 1,5 mill. kroner.
- Prisen for å montere setebelte i nye bussar i komande anbod for Bergen nord og Bergen sentrum vil med dagens bussmateriell gi ein estimert kostnad på rundt 4 mill. kroner.

Når det gjeld komande bussanbod for Bergen nord og Bergen sentrum vil fylkesrådmannen kome attende med eiga sak, mellom anna med forslag til vognkrav som skal leggjast til grunn for konkurransen.